



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato  
05.11.2018  
Dykkar dato  
29.10.2018

Vår referanse  
2018/13522 422.1  
Dykkar referanse  
18/547

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Vedtak om konsesjon - Radøy - Gnr 22 bnr 58 - Rikstad

Vi viser til oversending frå Radøy kommune, motteken her 29.10.2018.

#### Vedtak

**Fylkesmannen i Hordaland gir Radøy kommune, org.nr. 954 748 634, konsesjon til erverv av gnr. 22, bnr. 58 i Radøy kommune.**

#### Kva saka gjeld

Radøy kommune har søkt konsesjon for erverv av gnr. 22, bnr. 58 i Radøy kommune. Eigedomen er på om lag 1,1 dekar, og har tidlegare blitt frådelt og opparbeid som parkeringsplass. Eigarskifte vert då ikkje gjennomført. Eigedomen ligg i tilknytning til gravplass og bedehuset på Rikstad, og skal nyttast som parkeringsplass.

Sidan Radøy kommune er søkar, ble saka difor sendt til Fylkesmannen for handsaming som førsteinstans, jf. forskrift 08.12.2003 nr. 1479, § 1 andre ledd.

#### Fylkesmannen si vurdering

Det følgjer av § 2 i konsesjonslova at fast eigedom, med dei unntaka som følgjer av lova, ikkje kan ervervast utan konsesjon.

For at konsesjonslova § 9 skal kome til bruk, må det vere tale om ein eigedom som kan nyttast til landbruk og som skal nyttast til landbruksformål. Det følgjer av Ot.prp.nr.79 (2002-2003) side 83 at *«eiendommen må bestå av jord- og /eller skogressurser, samt tilhørende ressurser og rettigheter som etter en realistisk objektiv vurdering kan gi grunnlag for drift og utnytting av næringsmessig karakter.»*

Vidare følgjer det av Ot.prp.nr.79 (2002-2003) side 71, til § 1, at konsesjonslova si funksjon er å sikre eit vern om landbruket sine produksjonsareal ved omsetning av fast eigedom. Ein anna føresetnad for at § 9 skal kome til bruk, er at søkar sitt formål er å nytte eigedomen til landbruk, jf. Ot.prp.nr.44 (2008-2009) side 131. Det blir her uttalt *«Bestemmelsen gjelder avgjørelser av konsesjonssaker der eiendommen skal nyttes til landbruksformål.»*

Fylkesmannen er av det syn at arealet det er søkt konsesjon for, har slik storleik at den vil

vere vanskeleg å nytte til landbruksproduksjon, og at det dermed ikkje er tale om ein landbrukseiendom. Det visast i samband til dette til rundskriv M-3/2017, der det under kap. 8.1 er uttalt at:

*«Ved konsesjonsvurderingen skal det tas utgangspunkt i søkers formål med ervervet. Dette formålet skal vurderes i forhold til hvilke relevante samfunnsinteresser som gjør seg gjeldende i saken, jf. konsesjonslovens formål, konsesjonsloven § 1. (...) Gjelder ervervet en landbrukseiendom, gjelder dessuten § 9 og § 9 a.»*

Formålet med ervervet er heller ikkje å nytte arealet til landbruksverksemd, og det er difor ikkje aktuelt å vurdere saka etter § 9.

Saka må difor vurderast ut i frå § 1 i konsesjonslova som seier:

*«Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:*

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn.*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.*
- 5. hensynet til bosettingen.»*

Konsesjonslova sitt formål er å verne landbruket sitt produksjonsareal ved omsetnad av fast eigedom, noko som inneberer at det skal leggest vekt på omsynet til jordvern. Konsesjonslova skal likevel ikkje einsidig tilgodesjå landbruksnæringa sine interesser, men som ein del av heilheita. Omsynet til landbruksnæringa må difor vurderast opp mot andre omsyn som gjer seg gjeldande, jf. rundskriv M-3/2017 kap. 5.1.

Det vil vere søkaren sitt formål med ervervet som dannar utgangspunktet for vurderinga og er sentral for avgjersla, både for sakar som gjeld landbrukseiendomar og ved erverv av anna areal, jf. Ot.prp.nr.79 (2002-2003) side 76.

Det er i denne saka tale om eit lite areal, som allereie er opparbeid som parkeringsplass og ligg i direkte tilknytning til gravplass og bedehus. Det er dermed ikkje aktuelt å nekte konsesjon som følgje av omsyn til landbruksnæringa. Det er i skriv frå kommunen vist til at parkeringsplassen vil sikre trafikkavviklinga ved arrangement i bedehuset og ved gravferd. Formålet vil såleis ha samfunnsnytte, og vil tilgodesjå ålmenta.

Etter Fylkesmannen sitt syn taler heller ingen av dei andre omsyna i konsesjonslova § 1 imot at det blir gjeve konsesjon, og Fylkesmannen har difor ikkje merknader til at det vert gjeve konsesjon til erverv av omsøkt areal på gnr. 22, bnr. 58 til Radøy kommune.

Etter ei samla vurdering har Fylkesmannen kome fram til at Radøy kommune kan få konsesjon til erverv av gnr. 22, bnr. 58 i Radøy kommune etter konsesjonslova § 2 jf. § 1.

Søker kan klage på dette vedtaket til Landbruksdirektoratet. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Sjå vedlagte skjema med nærare opplysning om klageretten.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Trond Håkon Stadheim  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*